



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/23	Valstyret	23.03.2023

## Fastsetting av lokale fristar i høve kommunestyreval 2023

### Bakgrunn for saka:

Valstyret skal fastsette ulike lokale fristar for kommunestyrevalet i 2023.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Vallova  
Valforskrifta

### Ikkje vedlagt sakstilfang:

### Saksopplysningar:

Mange fristar er fastsett i vallova eller valforskrifta, andre fristar og reglar for gjennomføring er det opp til Valstyret å fastsette.

#### Vallova:

- Fristen for å trekke heile listeforslaget er listeforslag er 20.april 2023 kl 12:00 (VL §6-5).
- Handsaming med godkjenning av listeforslag skal vere ferdig innan 1.juni i valåret.(VL §6-6 pkt 2

Frist for å levere listeforslag er 31.mars kl 12:00, fristen er endeleg.

Frist for å trekke eit listeforslag som er innlevert er 20.april kl 12:00

### Lokale fristar

#### 1. Frist for å søkje om fritak frå å stå på valliste.

Når fristen har gått ut blir listekandidatane orientert i brev om at dei står oppført på valliste, brevet skal innehalde ein frist for å kreve fritak fra å stå på listene. Jf. valglova §3-4. Denne fristen må være i god tid før valgstyret skal behandle sak om godkjenning av listeforsлага.

Kandidat som er oppført på fleire listeforslag må må velje kva liste dei vil stå på. Dersom kandidaten ikkje svarar innan fristen gjeld listeforslaget som var levert først.

Ein tilrår at fristen for å søkje fritak blir sett til 21.april 2023. For dei som er oppført på fleire listeframlegg gjeld same frist for avklaring.

## 2. **Rette opp feil og få vallista i samsvar med lova**

Frist for tillitsvalde og valadministrasjon for å rette opp i eventuelle feil for å få vallista sett opp i samsvar med vallova er 5.mai 2023.

VL § 6-2 (utdrag):Lista skal ha minimum 7 kandidatar, stemmetillegg til maksimalt 6 kandidatar, listeframlegg signert av minimum to tillitsvalde.

## 3. **Røystesetlar til partia**

Valforskrifta § 21.Rett til å få stemmesedler *Den tillitsvalgte for den enkelte valgliste kan for egen regning kreve å få det antall stemmesedler vedkommende ønsker. Krav om dette må fremsettes innen den frist valgmyndighetene setter.*

Fristen må tilpassast produsenten sin bestillingsfrist. Ein tilrår at fristen blir sett til 15.mai 2023

## 4. **Manntalseksemplar til partia.**

Alle parti som stiller liste har rett til eit manntalseksemplar. Fastsetting av lokal frist for bestilling gjer det mogleg å handtere alle bestillingar samla. Manntalet blir oppdatert 30.juni. Ein tilrår at bestillingsfristen blir sett før manntalet blir oppdatert slik ein har oversikt over bestillingane. Ein tilrår at fristen for å bestille manntalsekemplar er 26.juni 2023

## 5. **Frist for å söke om ambullerande røystegjeving**

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførheit ikkje kan møte opp i ordinære vallokale kan søkjer om å førehandshandrøyste der dei oppheld seg. Fristen må setjast mellom tysdag og fredag siste veka av førhandsrøysteperioden.

### **Vurdering:**

Etter gjeldande lovgjeving for val skal Valstyret sjølv sette desse lokale fristane, andre fristar er regulerer i lovverket, til dømes frist for innlevering av listeforslag, godkjenning av lister mm. Framlegg tillokale fristar er lagt opp etter forventea saksbehandlingstid med listeforsлага, trykkeriet sine bestillingsfristar og fokus på at innbyggjarane kan førehandsrøyste der dei oppheld seg og der fristen for å sökje er lagt så langt opp mot siste dag for førhandsrøysting som mogleg.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Frist for at ein kandidat skal kunne søkje fritak frå å stå oppført på valliste er 21.april 2023.  
Kandidat som står oppført på fleire listeforslag må melde frå innan 21.april 2023 om kva liste dei vil stå på.
2. Frist for at tillitsvalde i samarbeid med valadministrasjonen skal rette opp feil og få listeframlegget i samsvar med lova er 5.mai 2023.
3. Frist for å bestille røystesetlar til partia er 15.mai 2023
4. Frist for å bestille manntalseksemplar til partia er 26.juni 2023
5. Frist for å søkje om ambulerande førehandsrøysting torsdag 7.september 2023

**Valstyret 23.03.2023:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samråysets vedteke.

**VS- 003/23 Vedtak:**

1. Frist for at ein kandidat skal kunne søkje fritak frå å stå oppført på valliste er 21.april 2023.  
Kandidat som står oppført på fleire listeforslag må melde frå innan 21.april 2023 om kva liste dei vil stå på.
2. Frist for at tillitsvalde i samarbeid med valadministrasjonen skal rette opp feil og få listeframlegget i samsvar med lova er 5.mai 2023.
3. Frist for å bestille røystesetlar til partia er 15.mai 2023
4. Frist for å bestille manntalseksemplar til partia er 26.juni 2023
5. Frist for å søkje om ambulerande førehandsrøysting torsdag 7.september 2023